

► / NYTT

Ønskjer råd frå personar med demens

Vaksdal kommune vil komma i kontakt med deg som har demens, for å høyra kva du meiner kommunen kan gjera for å betra demenstilbodet.

– Nokre få personar med demens frå Vaksdal har teke kontakt, i tillegg til nokre frå andre kommunar. Men me skulle gjerne hatt kontakt med endå fleire frå Vaksdal, seier Solrun Hauglum, kommunalsjef helse og omsorg i Vaksdal kommune.

For nokre veker sidan skreiv VP at kommunen ønskjer å snakka med personar med demens om korleis dei meiner ein kan utvikla betre tenester, som kan hjelpe dei til ein betre kvar dag.

Eit samarbeid

Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunen, Senter for omsorgsforskning Vest ved Høgskulen på Vestlandet og Senter for alders- og sjukeheimsmedisin ved Universitetet i Bergen (UiB). Det skal munna ut i ein rapport med konkrete tiltak.

– Me har lagt opp til å gjennomføra ein samtale, eit såkalla fokusgruppe-intervju med personar med demens. Samtalen kjem mellom anna til å handla om kva som er viktig i kvardagen, og kva kommunen bør leggja vekt på i utforminga av tenestetilbodet til dei som lever med demens, forklarar Oscar Tranvåg, forskar ved Senter for alders- og sjukeheimsmedisin.

– Me ønskjer å spørja: «Kva er det som gjer din dag til ein god og meningsfull dag?» og «Kva slags tilbod ønskjer du at kommunen skal ha til personar som lever med demens?».

Verdifull kunnskap

Han er oppteken av at dei som lever med demens sit på verdifull kunnskap gjennom den erfaringa dei har med utfordringar og mogelegheiter i kvardagen.

– Både nasjonalt og internasjonalt har hjelpeapparatet vore for lite oppteken av å la personar med demens komma fram med meiningane sine. I Vaksdal kommune skal per-



VIL SAMTALA: Oscar Tranvåg, forskar ved Senter for alders- og sjukeheimsmedisin, og Solrun Hauglum, kommunalsjef helse og omsorg, Vaksdal kommune, ønskjer å snakka med seks personar med demens.

sonar med demens no høyrast, seier Tranvåg.

Til prosjektet ønskjer dei å snakka med seks personar som lever med demens, seks personar som er pårørende til nokon med demens og seks personar som tidlegare har vore pårørende til personar med demens.

– Me legg opp til samtalar i ei lita gruppe der seks personar som har sjukdomen, er pårørende eller har vore pårørende skal snakka med to forskarar. Tidlegare erfaringar viser at ein slik samtale kan gje ei positiv oppleving, forklarar Tranvåg.

Kommunalsjef Hauglum meiner det er lettare å forholde seg til å snakka enn å svara på eit brukarskjema for personar med demens.

– På den måten får dei høve til å dela erfaringar, ønskjer og behov for korleis me kan gjera tenestene betre.

– Anonymt

Ho understrekar at dei som deltek skal vera anonyme, og at dei som jobbar med prosjektet har

teieplikt.

– Dei som deltek kan vera trygge på at dei ikkje blir gjenkjende.

– Dei må heller ikkje utleverta seg om livet sitt, eller korleis dei lever med diagnosen. Dei treng berre å bidra med det dei vil bidra med.

Samtalen kjem til å gå føre seg på kommunehuset, og pårørende har høve til å vera med.

– Men sidan samtalen skal vera anonym, kan ikkje pårørende vera med inn i rommet der den skal skje, forklarar Hauglum, som rår dei som ønskjer meir informasjon om prosjektet til å ta kontakt med ho.

– Me kjem til å starta opp med samtalanane så fort nok personar frå dei ulike gruppene har meldt seg.

Lagar rapport

Bakgrunnen for prosjektet er eit vedtak frå kommunestyret i Vaksdal om at brukarar skal vera med i utforminga av tenestetilbodet. For å sikra kvaliteten i innsamlinga av informasjon blei forskarar ved UiB og Høg-

skulen på Vestlandet kontakta.

– Me får også høve til å bruka dette som eit forskingsprosjekt som me kan publisera. Kommunen får med andre ord ein rapport som dei kan ta med seg i arbeidet. Me kan også skriva konkrete artiklar om prosjektet for å synleggjera korleis dette blir gjort, forklarar Tranvåg.

– Vaksdal kommune er tidleg ute med brukarmedverknad for personar med demens, så dei kan inspirera andre kommunar både i Noreg og internasjonalt.

Planlagt eitt år

Hauglum forklarar at kommunen har jobba med planlegging av prosjektet i eitt år.

– Referansegruppa som er med i planlegginga er breitt sammansett av tillitsvalde, forskarar, tilsette, leiarar, pårørende, Eldrerådet og ein representant frå Nasjonalforeningen for folkehelsen.

► **Kristine Næss Thorsen**

knt@vp.no

Ordføreren skal møte kommunalministeren

Ordførar Erik Haga skal møte kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland 19. mars i Oslo. Møtet skal handla om utviklinga av attraktive og klimavennlege stasjonsbyar i Vaksdal kommune, når K5 skal realiserast. Det er ordføreren og varaordførar, Sigmund Simmenes, som har teke initiativ til møtet. Dei skriv i brevet til kommunal- og moderniseringsministeren at Vaksdal kommune ønskjer å presentera planar for utviklinga av stasjonsbyen Vaksdal. I tillegg vil dei presentera kvifor dei ønskjer at begge alternativ for traseval på Vaksdal vert greidd ut vidare.

– Alternativet gjennom Tolåsen vil etter vårt syn auke attraktiviteten som klimavennleg, bybnær stasjonsby med dei positive samfunnsmessige verknadane det har, skriv ordførar Haga og varaordførar Simmenes.

Buss for tog frå torsdag

Natt til torsdag 15. mars og til natt til måndag 19. mars vil det vera arbeid på jernbanen mellom Bergen og Voss. Toga blir stansa og NSB køyrer buss for tog medan arbeidet går føre seg. Nytt for i år er at reisande frå Bergen til Arna skal ta buss frå perrong K på Bergen busstasjon.

På Bergen stasjon skal Bane Nor gjera telearbeid under togstansen. På Arna stasjon blir det bygd ein ny betongkanal til telekablær, og vatn- og avlaupsrøyr under alle spora i området like framfor Ulriken tunnel. Det blir også støypt røyr under spora i jernbanetunnelen i Arnanipa. På Tunestvedt skal ein sporveksel skiftast ut. Elles skal kontaktleidningen mellom Bolstad og Vaksdal bli kontrollert, og naudlysanlegget i fleire av tunnelane på Vossa-banen testast.

Etterlyser betre dekning i Bergsdalen

Bergsdalen jordbrukslag oppfordrar Vaksdal kommune til å ta initiativ til å betra breiband- og mobildekninga, i tillegg til radio- og TV-signala i dalen.

I eit brev til kommunen poengterer styret i organisasjonen at

gjennomsnittleg hastigheit for breiband i Noreg er 47 Mbit/s, men at høgaste mogeleg hastigheit i Bergsdalen er om lag 5 Mbit/s. Den dårlege dekninga førar til at innbyggjarane i områda ikkje får same breibandsmoglegheiter innan arbeid, kommunikasjon og underhaldning.

– Mobildekninga i Bergsdalen er også svært varierende.

Enkelte område manglar heilt dekning, eller har for dårleg dekning til å gjennomføra ein samtale. 4G-dekning er fråverande i delar av dalen, skriv styret.

Samstundes legg jordbrukslaget vekt på at innbyggjarane i Bergsdalen ikkje får ta del i omlegginga av TV- og radiosignal til digitale system.

– Me er kjend med at det finst

offentlege og statlege støtteordningar for å byggja ut breiband, og me ønskjer at Vaksdal kommune nyttar seg av desse ordningane. Me ønskjer ei tilbakemelding på kva kommunen ser for seg at me kan gjera for å betra situasjonen, skriv styret.



HISTORISK ARKIV

Som abonnent kan du no søkja i heile VP sitt 30 år gamle arkiv. Søk på ditt eige namn, på saker og tema som interesserer deg.

